

## **EXPO 2010 -**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

1. Vestlandsrådet sender ein delegasjon til EXPO 2010 i Shanghai.
2. Vestlandsrådet finansierer fellesutgiftene til delegasjonsreisa. Utgifter til reise, kost og overnatting vert dekka av deltakarane.
3. Vestlandsrådet meiner programframleggget for ei delegasjonsreise til Shanghai og EXPO 2010 er i samsvar med tidlegare drøftingar i rådet. Rådet ber AU gå vidare med å klargjere programmet, koordinere ein delegasjon, og avklare påmeldingar så snart det let seg gjere.
4. Vestlandsrådet inviterer med nærings- og samfunnslivsaktørar gjennom dei fire NHO avdelingane på Vestlandet og ber dei kontakte sine medlemsbedrifter.

**Prenta vedlegg:**

1. Tilbod frå mittKINA
2. Innovation norway – september 2010

**Uprenta vedlegg:**

## **Saksframstilling**

Vestlandsrådet handsama i sak 17/09 deltaking på EXPO 2010 i Shanghai og gjorde følgjande vedtak:

1. Vestlandsrådet peiker ut ein delegasjon som reiser til Shanghai i 2010 i samband med EXPO 2010.
2. Representantane fra Vestlandsrådet deltek som del av ei samla Vestlandsgruppe. Målet er å sjå nærmere på grunnlaget for å etablere nærmere kontakt med den kinesiske marknaden i partnarskap med sentrale nærings- og samfunnslivsaktørar på Vestlandet, vurdere framtidige relasjonar med Kina, og å framstå samla på Vestlandet overfor potensiell etablering av Kinesiske relasjonar i framtida.
3. Rogaland fylkeskommune får ansvar for å koordinere arbeidet og får fullmakt til å engasjere naudsynt hjelpe til å organisere og gjennomføre arbeidet.
4. AU vil vere styringsgruppe for arbeidet.

Målet med ein felles delegasjon til Kina og EXPO 2010, er å sjå nærmere på grunnlaget for å etablere nærmere kontakt med den kinesiske marknaden i partnarskap med sentrale nærings- og samfunnslivsaktørar på Vestlandet, vurdere framtidige relasjonar med Kina, og å framstå samla på Vestlandet overfor potensiell etablering av Kinesiske relasjonar.

## **Reiseprogram**

I tråd med presentasjonen Vestlandsrådet fekk i møte i Stavanger 1 desember 2009, har vi no fått eit tilbod både om eit teknisk reisearrangement og eit framlegg til fagleg innhald på opphaldet i Shanghai.

Det er Innovasjon Rogaland i samarbeid Innovasjon Noreg sitt Shanghai kontor som har utarbeidd eit fagleg program for Vestlandsrådet og nærings- og samfunnslivsaktørar fra Vestlandet. Programmet er lagt ved og inkluderer besøk på den norske paviljongen, fokus på fornybar energi inkludert vind – og solenergi, effektiv utnytting av energi, og vannforvaltning. Det er mogeleg å endre på tema, dersom det er ønskjeleg.

Hovudtema er som tidlegare nemnt urbanitet og korleis skape eit betre liv for ei verd som globalt sett blir meir og meir urbanisert – ”Better city, better life”.

Programmet tar utgangspunkt i at ein har 6 - 7 dagar i Shanghai. Med to reisedagar ser ein føre seg avreise laurdag 4 september og retur søndag 12 september. Reiseselskapet ”mittKina” har gitt eit tilbod på 7 dagars tur som kan tilpassast programmet frå Innovasjon Norge, sjå vedlagte program. Dei har ein pris pr person på mellom kr 13.000 og 15.000. Med ein ekstra dag i forhold til det programmet som ligg føre og tillegg for enkeltrom, nærmar vi oss ca kr 17.000 – 18.000 pr deltakar.

## **Næringslivet og vidare prosess**

I tråd med drøftingar og vedtak i Vestlandsrådet, er det ønskjeleg å invitere med nærings- og samfunnsaktørar frå Vestlandet. Ein måte å gjere dette på, er at invitasjonane går gjennom alle dei fire NHO avdelinga på Vestlandet som så tar kontakt med sine medlemsbedrifter. Vi samlar til slutt påmeldingar i sekretariatet.

Det er forventa stor reiseverksemd til Kina i løpet av 2010, og det er derfor viktig at vi samlar påmeldingar både frå Vestlandsrådet og eksterne nærings- og samfunnsaktørar nokså raskt slik at vi får starta arbeidet med bestilling av billettar og nærmare planlegging av program mm.

### **Vurdering**

Fylkesrådmannen vurderer tilboda frå mitt Kina og Innovasjons Norge som gode og i samsvar med drøftingane i Vestlandsrådet. Det bør likevel vere opning for innhaldsmessige endringar i programmet, dersom dette er ønskeleg. Men slike endringar må eventuelt signaliserast raskt. Prismessig og framlegg til den meir tekniske delen av turen ser også tilfredsstillande ut.

Dersom interessa for delegasjonsreisa blir lita, kan det vere naturleg at AU vurderer om reisa skal gjennomførast.

Fylkesrådmannen vil til slutt gjere framlegg om at kvar einskild fylkeskommune tar ansvaret for finansiering av billetten, som inkluderer reise, kost og overnatting. Utgifter utover dette vert dekkja av Vestlandsrådet.